




**K F U K**  
**K F U M**

**ULSTEIN**



Årsmelding 2016

## Ulstein KFUK-KFUM

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn.

Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre til engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Ulstein KFUK-KFUM høyrer til Møre og Romsdal KFUK-KFUM, Noregs KFUK-KFUM og KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

Ulstein KFUK-KFUM er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Vi held til på Fredheim i Ulsteinvik sentrum og har i dag om lag 400 aktive medlemar.



## Styret

**Hovudstyret for Ulstein KFUK-KFUM har sidan årsmøtet i 2016 bestått av følgjande personar:**

Jan Einar Roos (2016–2017), styreleiar  
Anne Strand Kiperberg (2015–2017), styremedlem  
Bjørn Gunnar Tafjord (2015–2017), styremedlem  
Hildegunn Fiskerstrand (2016–2018), styremedlem  
Svein Arne Orvik (2016–2018), styremedlem  
Jan Thormodsæter (2015–2017), styremedlem  
Knut Vikebakk (2016–2018), styremedlem

Arild Støylen (kasserar)  
Harald Nordal (revisor)

**Varamedlemmar har i same periode vore:**

Torill Vågen Vattøy (2016–2017), 1. varamedlem  
Gunhild Verås Grimstad (2016–2017), 2. varamedlem  
Øyvind Hagen (2016–2017), 3. varamedlem  
Arnfinn Godø (2016–2017), 4. varamedlem

Valperiodane står i parantes.

**Bibeltimenemd:**

Ingrid Nerhoel

**Husnemnd:**

Lidbjørn Vattøy  
Annelise Kleven Godø  
Erik Andreassen  
Ole Terje Sukka  
Sigbjørn Halle

**Valnemnd:**

Ingunn H. Fjørtoft  
Greta Håkonsholm  
Judit G. Hatløy

## Styrearbeid

Ulstein KM er i endring. Styret har hatt møter jevnlig. Fortsatt er arbeidet med å nytte Fredheim som møteplass en viktig del av arbeidet. Mange frivillige timar går med til dette viktige arbeidet. I den sammenheng var det gledelig å registrere at basaren i november fortsatt skaper oppmøte og overskudd.

Arrangementene våre har vært som vanlig. Åpningsgudstjenesten for høsten er fortsatt i samarbeid med trebåtfestivalen samlet igjen mange deltakere. Båttransporten gikk godt. Adventsfesten var tilbake i år, og hadde god deltaking. Julefesten 4. dag hadde godt program, men lite deltaking. Vi tror imidlertid dette er en fest for framtida.

I forbindelse med årsmøtet ble det holdt en ledersamling med besøk av generalsekretær Øystein Magelsen. Det var stor deltakelse og gode tilbakemeldinger.

Laget har for 2016 et underskudd på -181 633. Dette skyldes to ting. Ekstra kostnader til Fredheim. Takpartiet over inngangen måtte renoveres helt. Dette alene nærmet seg en kostnad på 100.000. I tillegg er det kjøpt inn nytt lydanlegg. Fredheimsbasaren brakte inn over 90.000 kroner, og det var et meget godt resultat. Sett i lys av et overskudd på 121.000 for 2015, og en opphopning av utgifter i 2016, er det et forventa resultat.

Styret har drøftet satsing på lederarbeid og rekruttering til Tweensing og Ten Sing som viktige arbeidsfelt framover. Kanskje vil det være mulig med et lokalt Ten Sing seminar med tida.

## Arrangement i 2016

### Speidarleir på Hatløya

Om lag hundre KFUK-KFUM-speidarar frå Ulstein hadde ei flott helgesamling på Hatløya i midten av juni! Bygging av bivuak, sporløp, leirbål, gudsteneste, patruljekonkurranse og ny roverkonge var nokre av høgdepunkta.



### Opningsgudsteneste på Borgarøya

Med sjøen som bakteppe skipa Ulstein sokn og Ulstein KFUK-KFUM til friluftsgudsteneste med øykaffi på Borgarøya søndag 21. august. Gudstenesta markerte tradisjonen tro oppstart for nytt semester og var ein del av programmet til den årlege Trebåtfestivalen i Ulsteinvik. Avreise gjekk frå fiskerikaia på Saunes kl. 1130 og mange nytta privatbåtar. Preika var ved kateket Bjørn Losvik og leiar i Ulstein KFUK-KFUM Jan Einar Roos. Etterpå var det god tid til sosialt samvær. Over 100 personer tok del.



### Fredheimsbasar 29. oktober 2016

På dagtid vart det arr tombola, kafe og barnetime med korklubben. Ten Sing ordna med mat til kafe og speidarane var ansvarlege for gevinstar til tombolaen. Takk til begge gruppene for godt gjennomført arbeid!

På ettermiddag var det basar med variert og godt program. -

-Frisk og fin song av Tweensing.

-Ord for dagen av Jørgen Skogestad Kleiven.

-Kahoot v/Magne Grimstad.

Det var god tid til åresal og ei lang matykt. Judit Grimstad Hatløy leia festen.

Basaren er ei god inntektskjelde for barne- og ungdomsarbeidet på Fredheim. Den er og basert på mykje godt dugnadsarbeid og mange bidreg kvart år!

Takk til dei som sel lodd, stiller med mat, gjev fine gevinstar og dekkjer annonse i lokalavisa!

Stor takk til vår trufaste basarkomite!

#### Økonomi:

Salg kafé	kr. 4.385,-
Tombola	kr. 12.100,-
Loddbøker	kr. 62.220,-
Åresalg:	kr. 14.000,-
<b>Sum sal (brutto):</b>	<b>kr. 92.705,-</b>

Nokre småutgifter har det vore, men det dreier seg om nokre få hundrelappar.

Mvh

Hildegunn Fiskerstrand og Arnfinn Hanstad

### Julefesten 4. juledag

Fredheimfesten på 4. juledag vart også i 2016 arrangert som ein familiefest, med starttidspunkt kl. 17. Knut Vikebakk vart hausten 2015 utfordra på å sondere terrenget for ein julefest med fokus på å byggje tradisjonar for barn og unge. Signala frå dei fleste var at ein slik familiefest ville passe ei større målgruppe enn ein vaksenfest seinare på kvelden. Dette vart også profilen for denne julefesten.

Festen vart arrangert med tradisjonell oppskrift: spleisemat, konkurranse, songinnslag, visning av bilete, andakt og julepregong. Arrangørar var Knut Vikebakk og Øyvind Hagen, med hjelp frå andre frivillige. Det kom om lag 60 personar. Desse var godt nøgde med festen, og det var fleire som meinte at dette var eit konsept å bygge vidare på.

24.02.2017

Knut Vikebakk og Øyvind Hagen



## Torsdagskveldar på Fredheim

### Leing

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein NMS, og Ulstein sokn. I 2016 satt desse personane i komitéen: Sama Haify for Ulstein NMS, Ingrid Nerhoel for Ulstein KFUK-KFUM, Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

### Arbeid gjennom året

Hausten 2015 og våren 2016 var det lav aktivitet på torsdagskveldane. På Ulstein sokn sitt årsmøte i mars 2016 kom det ynskje om at torsdagskveldane vart arrangert oftare. Som ein respons på det gjekk tilsette i Ulstein sokn inn på arrangementsida saman med komitéen, og resultatet vart ei auke i talet på torsdagskveldsmøtar i haustsemesteret. I kalenderåret 2016 var det arrangert 8 torsdagskveldsamlingar på Fredheim, 2 i vårsemesteret og 6 i haustsemesteret.

### Vårsemesteret:

28. jan: Dele- og songkveld. Ansvar:Komitéen.

07. apr: Ulstein NMS hadde ansvar for arrangementet. Talar for kvelden var Kristian Myklebust, med temaet «Levande tru».

### Hautsemesteret:

8. sept: Temakveld «Misjon» der våre lokale misjonærar Karen og Anders Myrene fortel om arbeidet i Kambodsja. Musikk: Ståle Helvig

22. sept: Bibeltime med om Saligprisingane til i Bergpreika. Teolog og tidlegare bibelskulelærar Ole Martin Grevstad tek oss inn i ein av Jesu store talar, Bergpreika, og gjev oss eit djupdykk i saligprisingane og finn dei 8 haldningane som desse uttrykker. Musikk: Ingfrid Grimstad

6.okt: Bibeltime om «Den heilage Anden og dåpen» del 1. Vår nye prest Jørgen Skogestad Kleiven vil ta oss med inn i temaet i hovudoppgåva si i teologi om korleis Den heilage Ande ut frå Bibelen er forankra i dåpen og i det kristne livet.

20. okt: Bibeltime om «Den heilage Anden og dåpen» del 2. Vår nye prest Jørgen Skogestad Kleiven vil ta oss med inn i temaet om korleis Den heilage Ande ut frå Bibelen er forankra i dåpen og i det kristne livet.

3. nov: Tema: «Nåde i populærkulturen» med Kjartan Leer Salvesen er prest og tilsett ved høgskulen i Volda og bur på Hareid. Han har arbeidd mykje med film, musikk og populærkultur og sett etter korleis dei kristne grunnfortellingane pregar dette.

17. nov: Tema: «Vegen innover». Mette Sollie er familieterapeut og andeleg vegleiar som har vore vertskap på Lia Gard retreatstad. Ho snakka om bøn, stillheit og vegen innover for å søke dei djupe kjeldene i nærværet med Gud.

### Økonomi

Tiltaket har litt midlar på budsjettet til Ulstein sokn. Annonsar blir betalt av Ulstein sokn, eller Ulstein NMS dei

kveldane dei har ansvar for gjennomføring. Kollekt frå møta går til å delvis dekke annonsekostnader.

### Utfordringar framover

Avklare ansvarsfordelinga mellom komitéen og tilsette i Ulstein sokn.

Økonomi. Vi har ei utfordring med annonsering. Her må vi bli flinkare til å sende kollektskåla rundt, og i tillegg finne midlar andre stader. Kanskje kan Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein NMS og Ulstein sokn finne ein fast fordelingsnøkkel på dei annonseutgiftene som ikkje vert dekt av kollekt eller på andre vis?

Ulsteinvik, 28.02.2017.

For Torsdagkveldkomiteen

Bjørn Losvik.



### Fredag-fredag

Det er i løpet av 2016 etablert ein komité som held ope hus på Fredheim etter DRYPP-gudstjenester (dei månadlege gudstenestene som soknet har fredagar).

## Medlemstal frå einingane ved utgangen av 2016

Ulstein KFUK-KFUM hovudlag	86
Ulstein KFUK-KFUM speidarane	156
Ulstein Ten Sing	42
Ulstein Tween Sing	30
Gospelkoret	52
K-gruppe1	11
K-gruppe2	14
K-gruppe3	7
K-gruppe4	16
K-gruppe5	13
K-gruppe6	5
Forbundsringen	11
<b>TOTALT</b>	<b>443</b>

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, eit Gospelkor og heile 7 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

## Ulstein Ten Sing –årsmelding

Ansvarleg vaksenleiar: Beate Mjøyen Berg

Vaksenleiarar:

Våren:

Sylviane J Denis-ettåring, Ruben Voldsund, 10% st. og Øyvind Hov

Hausten:

Ruben Voldsund, 10% st., Andreas Halle, Reem Kidane og Øyvind Hov

Leiar i styret våren 2016: Sigurd Myrene

Leiar i styret hausten 2016: Ragnhild Blindheim

Andre styremedlemmar:

Våren 2016:

Reem Kidane, Johannes Kristiansen, Ina Johansen, Sara Kidane, Mathea Kobbenes, Håkon Rabben, Sigurd Myrene, Andreas Sæbø, Olav G Arnesen, Ragnhild Blindheim og dir. Marie Blindheim Ruben Voldsund

Hausten 2016:

Ragnhild Blindheim. Leiar, Marie Blindheim, Dirigent, Irmelin Dalbakken, nestleiar, Mathea Hoddevik Kobbenes, Ole Krisitan Korsfur Voksø, teknikk, Johannes Kristiansen, band, Andreas Sæbø, Eirik Moldskred, Vara: Silje Håheim,

Antall medlemmar: 52

## Omtale av aktivitetar, tiltak som eininga har hatt i 2016:

Vårsemester: 21 øvingar, 5 «avslutning i kyrkja», inspirasjonskveld for Ulstein - og Hareid tensing med Tensing Norway, vintertreff 2016 i Ørsta, opptreden på Opningsshow, 1 Gudsteneste i Ulstein kyrkje, 1 gospelnight m fl.kor, grupper (teknikk, mat, dans, drama, kreativ), 4 Fredag-fredag, SPEKTER 2016 på Kalvøya.

Dirigent: Marie Blindheim

Band: Andreas Sæbø, Brede Espelid, Håkon Rabben og Johannes Kristiansen.

Haussemesteret: 15 øvingar, 4 avslutning i kyrkja, grupper (mat, Drama, Leik, kreativ), foreldremøte, 2 Drypp ungdomsgudsteneste, 3 Fredag-fredag, syngje på 1 gudsteneste i Ulstein Kyrkje, konkurranse: Krafttaket med TUSSA, aktivitetkveld med EMA (einslege mindreårige asylsøkarar), boksal av Levd Liv for Osberget AS, 1 gospelnight i Ulstein kyrkje med fleire kor, ansvar for kafé på Fredheimbasar, juleverksted, juleball, eldreomsorga

Dirigent: Marie Blindheim.

Band: Andreas Sæbø. Erik B. Hansen, Johannes Kristiansen, og Håkon Rabben.

Tensing-seminar:

Desse var på TSS sommaren 2016: Marie Blindheim-direksjon, Ragnhild Blindheim-drama, Andreas Sæbø-tangent, Johannes Kristiansen-gitar, Erik B. Hansen –Bass, Ole Kristian Korsfur Voksø –teknikk.

Dei som får vere med på TSS forpliktar seg på å vere med å gjere noko tilbake for Tensing. Dei betalar ein eigenandel på kr.400,- av ca. kr.3800.-. Resterande dekkast av Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein sokn og Ulstein Tensing.



## Tankar om arbeidet:

Det er ein flott gjeng på Tensing, stabilt oppmøte. Tal på medlemmar har gått ned noko, lite nye av ungdomsskuleelevar. Vi veit ikkje heilt kva orsaka av det er. Dei eldste som er med, og som ynskjer det, får ansvar for ulike ting, som styre, band, direksjon, andakter, gruppeleiar ol.

Vi arbeider heile tida med å prøve å skape eit godt miljø i koret, og opplever at det er ein god tone mellom ungdommane. Om ein ser på ei vanleg øving, så er det ca. eit kvarters pause til å prate, og det er av og til for lite. Vi har fast at ein av kormedlemmane sin familie kjem på ei av øvingane med noko å bite i. Unntak dei gongane vi har gruppe der vi lagar mat sjølve.

Behovet for ein sosial arena er ynskjeleg, og denne hausten har Andreas Halle vorte med som vaksenleiar- og har hatt god omsorg for dei nye teknikarane. Han har også dratt i gang «Eldreomsorgen» saman med Ruben Voldsund. Dette

er for dei som går på VGS. Dei har hatt nokre kveldar med film, spelekveld og sosialt samkome.

Dette i tillegg til Fredag-fredag som er for alle, i samarbeid med speidarane og Krik. Her er det leik, kiosk, sosialt og andakt og god tid til å prate.

Fleire av ungdommane har hatt ynskje om å få til ungdomsgudstenester på kveldstid. Hausten 2016 starta vi opp med DRYPP, - ungdomsgudsteneste. Dette er spesielt eit tilbod for aldersgruppa 13- 30 år, men alle er sjølvsgt hjerteleg velkomen. Her har vi hatt med band, av litt eldre ungdom enn Tensing, og forsongarar.

For Ulstein tensing, 27.02.17:

Ragnhild Blindheim og Beate Mjøen Berg

### **Ulstein Tween Sing - årsmelding**

Årsmelding for Ulstein Tween-sing arbeidsåret 2015/2016

#### Styringsgruppe:

Ståle Helvig, Arnt Ole Grimstad, Ole Martin Grevstad, Victoria Kvalsund og Svein Arne Orvik

Betalende medlemmer arbeidsåret 2015/2016: 30 personar

#### Leiarar for koret 2014/2015:

Ståle Helvig og Victoria Kvalsund

Koret har gjennom arbeidsåret teke del ved desse arrangementa:

23 november	2015	Årsmøte for kora
29 november	2015	Lys-våken gudsteneste i UK.
10 desember	2015	Kulturskulekonserten i UK
31 januar	2016	Tårnagent gudsteneste i UK
4 februar	2016	Song på Alvehaugen
16-17 april	2016	Overnattingstur på Holesanden Leirsenter
29 mai	2016	Gudsteneste UK
29 mai	2016	Sommarfest på Kjeldsund
11 juni	2016	Presentasjon Nye Ulstein kyrkje på kinoen på Sjøborg
28 august	2016	Gudsteneste i UK
25 september	2016	Gudsteneste i UK
29 oktober	2016	Fredheimbasaren



Ulstein Tween Sing hadde ein overnattingstur på Holesanden Leirstad 16-17 april. På programmet stod leik, mat, sosialt samvær, korøving og andakt. Eit viktig arrangement for samhaldet i koret.

Vårsemestert 2016 var ein opptur for koret, med godt, stabilt frammmøte, god musikalsk kvalitet og bra samhald i koret. Haustsemesteret 2016 fekk koret ein nedgang i talet på songarar.

Styringsgruppa for koret har vore til stor støtte, og har vore med både i leik på øvingar, andaktar, repertoardiskusjonar, band-deltaking og praktisk tilrettelegging.

Vi er takksame for at korleiarane Ståle, Beate og Victoria tek seg av den daglege drifta av barne- og ungdomskora i kommunen.

Ulsteinvik, 23.02.2016

For styret  
Ståle Helvig (leiar)

### **Ulstein KFUK-KFUM Speidarar – årsmelding**

Gruppeleiarar: Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-5. klasse), stifinnar for gutane (4.-5. klasse), vandrarjenter (6.-10. klasse), vandrarutar (5.- 10. klasse) og roverar (vidaregåande). Dette året har vi hatt omlag 156 betalende medlemmer.

Vi er den nest største speidargruppa på Sunnmøre, og det er vi stolte av!

Dei ulike gruppene har møte om lag annakvar veke. Vi har av og til felles troppsmøte, men for det meste møte kvar for oss. Stifinnarane sine møte vert leia av vaksne, mens vandrarane er inndelt i patruljer som vert leia av patruljeførarar i ungdomsskulealder. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og førstehjelp. Møta føregår for det meste ute, og mange grupper har fast leirplass.

Speidarane frå sjetten klasse og oppover har vore på fire overnattingsturar ute dette året. Desse har vore i nærmiljøet, med overnatting under presenning. Speidarane frå ungdomsskule og oppover har vore på ein ekstra tur til Runde fyr. På avslutningsturen til Hatløya før sommarferien deltok nesten heile speidargruppa. 100 speidarar sov under open himmel under trea på øya. Det var sporløp, gudstjeneste og på programmet.



Året 2016 var vi også på krinsleir på Eikrem. Vi hadde med oss 53 speidarar og 10 leiarar. Det var ein fin leir med både regn og sol. Det var deilig med kort reiseveg, og speidarane blei levert og henta på leiren av foreldre.

Vi har også sett i gang renovering av speidarhytta, som treng ny fyringsomn, altan og bordkledning.

Også i år vil vi rette ei særleg takk til foreldreforeninga med leiar Tone B Mortensen, som hjelper oss økonomisk. Stor takk også til Roar Hatløy for ein kjempejobb som kasserar m.m.. Økonomien er stabil.



I år som i fjor tok Beate Hopland Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid på seg ansvaret som gruppeleiarar. Dei andre leiarane er Solfrid Ballo, Runar Pedersen, Cristfred Kaul, Britt Opsahl Myrene, Skjalg Pedersen, Tonje Øyehaug Ruud, Louise Ulstein, Monica Leine Tokheim, Reidar Kulø, Elisabeth Kirkengen Hovlid, Bjørnar Hovlid, Liv Dalbakken, Robin Vågeskar, Anna Håkonsholm, Torstein Vattøy, Silje Kiperberg Aksnes, Olai Kobbenes Hoddevik og Håkon Dalbakken.

Beate H Langnes og Birgitte Hareide Øvrelid sit no eit år på overtid som leiarar, og er spente på kven som vil ta stafettpinnen vidare. Det er berre å melde seg.

Ulsteinvik, 27.02.2017

Birgitte Hareide Øvrelid og Beate Hopland Langnes  
Gruppeleiarar

## Gospelkoret - årsmelding

### Styret

Styret ble valt den 5. mars 2016 og har bestått av:

Styreleiar: Karianne Sveen Orvik

Nestleiar: Mari Hagen

Kasserer: Arnfinn Hanstad

Styremedlem: Turid Berg-Rusten

Styremedlem: Sverre Sæbø

Vara: Torstein Vattøy

Det har vore fem styremøte i 2016.

### Dirigent og band

Dirigent: Einfrid Grindheim

Orkesterleiar og piano: Oddgeir Nygjerde

Bass: Ragnar Øvrebø (fram til oktober) og Tord Aksnes (frå oktober)

Gitar: Rune Ertesvåg (pause frå oktober)

### Songarar

Altar: 22

Sopranar: 18

Bassar: 7

Tenorar: 5

Totalt: 52

### Noteutval

Noteutvalet utarbeidar korets repertoar kvar sommar. I 2016 har utvalet bestått av:

- Mari Hagen (styrerepresentant)
- Helge Flaché
- Hanne Marte Grimstad Sukka
- Oddgeir Nygjerde

### Aktivitet i 2016

Januar	August
12. Øving	23. Øving
20. Styremøte	<b>September</b>
24. Songoppdrag på gudsteneste i Herøy kyrkje	3. Songoppdrag Einfrids bursdag
26. Øving	6. Øving
<b>Februar</b>	29. Øving
9. Øving	13. Styremøte
12. Songoppdrag i Ørsta	<b>Oktober</b>
<b>Mars</b>	4. Øving
1. Øving	18. Øving
15. Øving	<b>November</b>
16. Påskekonsert i Herøy frikyrkje	1. Øving
17. Påskekonsert i Ulstein kyrkje	10. Seminar
	11. Seminar og konsert i Ulstein kyrkje
<b>April</b>	
3. Songoppdrag gudsteneste Ulstein kyrkje	15. Øving

5. Øving	21. Styremøte
5. Årsmøte	29. Øving
13. Styremøte	<b>Desember</b>
19. Øving	11. Songoppdrag «Syng jula inn»
<b>Mai</b>	11. Juleavslutning
3. Øving	
10. Styremøte	
31. Sommaravslutning på Kjeldsund	
<b>Juni</b>	
12. Songoppdrag Ulstein kyrkje	



### Styrets arbeid i 2016

Styret har i 2016 i hovudsak:

- planlagt og gjennomført songoppdrag
- planlagt og gjennomført seminar
- utarbeida hugselister for påskekonsert og songoppdrag
- gjort ei spørjeundersøking blant medlemmane i koret
- revidert medieplan
- søkt kulturmidlar
- økonomiarbeid

Saker det har vore jobba med som vi tek med vidare inn i 2017:

- finne sponsorar av annonsar ved arrangement
- søknadar om tilskot
- samarbeid med andre kor

Ulsteinvik, 20.1.17

Karianne Sveen Orvik

Styreleiar

### K-grupper – årsmelding

Her kjem ei felles årsmelding frå dei 7 kvinnegruppene. Til saman har gruppene om lag 70 medlemmar. Alle K-gruppene har ein kristen profil. Kvar gruppe avgjer korleis dei legg opp samlingane sine. Samtalekveldar, turar og føredrag er døme på moglege opplegg. Ein eller to gongar i året har vi eit felles helgearrangement for alle K-gruppene i Ulstein og Hareid. KFUK-samlingane skjer heime hos medlemmane alt frå annakvar veke eller ein gong i månaden med opningsord, tema/aktivitet, matykt og kveldsliturgi.

Gruppene gjer også ein innsats for det kristne fellesskapet, t.d. ved å arrangere kveldsgudstenester, bidra med kyrkjekaffi, samle inn pengar til eit bestemt føremål nasjonalt eller internasjonalt, dugnadsarbeid o.l. K-gruppe 2 har dei siste åra gitt ein større årleg pengesum til SUFH sitt prosjekt IOP i Illula, Tanzania. Dei meiner også at det er viktig å tenke rekruttering og motivere yngre kvinner til å bli med i KFUK fellesskapet.

Leiarar for dei ulike gruppene er:

K- gruppe 1: Gunn- Randi Solstad

K- gruppe 2: Gunn Hofset

K- gruppe 3: Gry Nordal

K- gruppe 4: Gunhild Snipsøy

K- gruppe 5: Silje K. Aksnes

K-gruppe 6: Hennie Anett Viseth

Forbundsringen: Hilde Petra Brungot

Kontaktperson: Hildegunn Fiskerstrand

Det er for tida ingen aktive M-grupper (mannsgrupper) i regi av Ulstein KFUK-KFUM.

### Oppsummering av årsmeldingane

Aktivitetane som er knytt til Ulstein KFUK-KFUM er mangfaldig og når godt ut til både unge og vaksne. Eit stort korps av frivillige driv einingane trufast og ved mykje bruk av fritid. Styret vil takke alle dei frivillige for den flotte og viktige innsatsen dei gjer.

Takk for eit rikt velsigna år 2016!

Styret Ulstein KFUK-KFUM

Ulsteinvik, mars 2017